

Vi og vårt livs miljø
FORURENSING
Forurensing frå
GRISAR
BOSSKORG
SØPPEL!

## INNHALDSLISTE


| | |
|---|---|
| Om Silda | Side 1. |
| Kart Nordfjord Sunnmøre | —"— 2. |
| Kart Vågsøy, Selje | —"— 3. |
| Kart Silda | —"— 4. |
| Sør Silda | —"— 5. |
| Plakat | —"— 6. |
| Olje forurensing | —"— 7. |
| Søppel og gift i havet | —"— 8. |
| Øydelegging av tre (Stil) | —"— 11. |
| Øydelegging (Stil) | —"— 12. |
| Neddottne utløer | —"— 13. |
| Kloakk forurensing | —"— 15. |
| Kart av vass og kloakk ledninger | 16. |
| Luft forurensing | —"— 17. |
| Per Søppelgris (Stil) | —"— 19. |
| Vi og vårt livsmiljø | —"— 20. |
| Øydelegging av fuglelivet | 23. |
| Hushaldningsøppel | —"— 24. |
| Vi og vårt livsmiljø i 1979. | —"— 26. |
| Forfatterliste | —"— 27. |

Silda ligg i Vågsöy kommune ved Stad i Nordfjord. (Sjå kartet)
Silda er ei öy ca. 1 km². som ligg i Sildagapet.
Silda har samband med Målöy 3 gonger pr dag.
Målöy har anlöp av hurtigruta, fylkesbåtar til Bergen, og bussar til store delar av Nordfjord.
På silda er det 4 höge hauar ca. 80 meter höge
Mellom bakkene og sjøen er det flate marker.
Folket bur på 2 plassar "Sör Silda - Nord-Silda"
(Sjå kartet). Her er ca. 180 innbyggjarar.
Mange av desse er unge, få er gamle.
Her er 33 hus. 4 av desse er bygde siste åra
3 nye hus er planlagde.
Vi fekk ny skule i 1970 No held hamnevesenet til å lage til hamna. Fordi dei nye og store båtane skal komme inn.
Her er 5 fiskebåtar 3 av desse fiskar i Nordsjöen og ved Shetland. Alle på Silda lever av fiskeri
Silda har lite skog, men det er planta mykje gran. Vi i skulen har planta 1000 plantar sist vår. I utmarka går det mykje sauer om sommaren. Her er mykje badeplass.
Om våren og sommaren er det mykje fuglesortar. Like ved Silda er det gode fiskeplassar.


2
Nordfjord og Sunmør
Stad
sjå ne
veg


Stad-Havet
Sta
Sildagape
Silda
Raude-
Målø
Sildolje-
Frabrik

S


REKEVIKA
Högda
Futevika
varen
ca. 80m.
ØYRANE
HOLMEN
SØR-
HAMNA
Sandvika
SØRSILDA
LÅNGHAUGEN
NORD-
HAMNA
MOLO
MOLO
MOLO

# Silda



# SØRSILDA










KAST IKKJE SØPPEL
I NATUREN!



BRENN SØPPELET.

# Oljeutslepp

Det vert årleg slept ut 100 000 tonn olje med vilje på heile kloden. Om båtane kjøyrer langt ute på havet, får vi olje inn til strendene våre. Når oljen ligg på havflata kveler ham alt som er i havet.

For ei tid sidan kom det rekande olje og la seg i fjöra i Nord-Silda. Og grisa til strendene. Og vi fann to daude måsar som har sett seg på oljen og blit kvalt av oljen.



Her ser vi en Olje klump som Tor Heierdal fan i Atlanterhavet: under ra fer den.



Slik ser et Olje flak ut når det ligg på havet.

# Söppel i havet

Troleposar er ein farlig söppel på havet.
For båtane kan få dei på propelen,
og forlise.
I kvöld i dag ligg Sjöbas den störrste
båten på Silda borte i Nordsjöen og sleper på
Stadhav. Han har fått ein trolepose på propelen,
så den må slepast til Lervik.
Den meste söppelen kjem frå folk som berre
kastar det i havet. Men slikt kan vera farlig for,
båtar, fisk, menneske og dyr.

## Giftihavet

Folk må ikkje dumpa gift i Nordsjöen
for da drep den fisken. Og visst fisken
blir drept har ikkje folket på Silda nytte av
fiskebåtane her på öya.

"SJØBAS" som sleper „Stadhav," som har fått ein trålepose på propellen.




ham ham

11

# Øydelegging av tre

Det var han ola. Han var ein føll gut. Då han skulle på tur i skogen, tok han med seg kniv, fystikker, mat, brus og papir for å få fyr på bålet sitt! Han hadde med seg pølser og. Då han var komen langt inn i Skogen fann han eit tre som var skrve på Då tok han kniven sin fram og skreir namnet sitt der han og. Så tok han fram fyr stikkene og ville spidde pølsa si. Då ~~brau~~ braut han greiner og la dei i ein dunge og sette fyr pa. Yikkje før var han ferdig å spidda pølsa si, så begynte skogen å brenna. Då forstod han at han hadde gjørt noko gale.

Det er tre store plantefelt på Silda, det eine brann ned fjor, men storeklassa planta det oppatt igjen, dei har planta eit anna plantefelt også.
Ungane på Silda får ikkje renna seg i plantefelta når det er vinter, for dei må gjera lekse når dei kjem heim.

## NEDDOTTNE UTLØER

Her er mange gamle nedotne löer i utmarka, der sauene går.
Det kan vera farleg for dyra.
Der er spikrar i tömeret som dyra blir skada på.
Det ser også stygt ut når dei ligg og rotnar ned.
Når dei dett ned er det mykje fjölendar, glassbiter, spikrar og mange andre ting.
Når löa er nedotten kan det koma folk som skal på tur.
Dei hiv plast, boksar og mangt anna rusk og rot.
Vi kan brunna löene for å halda naturen ren.

# ØYDELEGGING AV PLANTER

Det var eingong ein gammal mann som hadde kjøpt eit stort plantefelt. Det kosta han mange penger men det var eit stort plantefelt.
Mannen heitte Per, han budde langt oppe i fjellet.
Han hadde ein gut som heitte Øyvind.
Øyvind var ein rampunge.
Han brukte å öydeleggje alt for faren.
Han knuste vindauge og braut ned planter rundt huset, men han har heldigvis ikkje begynt på det enge plantefelte til faren, men ~~[illegible]~~ Per går bare å ventar på at han skal öydlegge plantefelte. Men nå har Øyvind begynt på skulen så no kan han ikkje öydlegge plantefelte til faren.
Det er nesten det ~~samme~~ her på Silda når ungane er på skulen kan dei ikkje öydleggje plantefelte.

Vi må få dei vekk nar dei dett ned.
Dei er stygge å sjå på også.
Her finst mange andre stygge ting
som vi må ha vekk.
Det kan ikkje ligge her lenger åg
råtne.
Vi kan forekssempel samla det opp
og brenna det jonsåkaftan



# 15 Septikk-tanken




I dag ser det forferdeleg ut langs fjörene. Kloakken kjem ut over alt. Vi må klare å sette på dette. Alle hus kunne ha ein septikktank det er få som har septikktanke nå, og så kunne ei hovudröyr som gjekk frå Sör-Silda til Nord-Silda. Frå kyrkjeneset kunne ein samla alt og lage til eit renseanlegg og fått vekk alt fosfat, Nitrat og feitt. Så kunne ein leggja eit rør langt ut frå land.


Hovedledning til vasverket.
kloakkhovedledning
renseanleg

# FORURENSING I LUFTA PÅ SILDA

Vi har gjort ein del forsök på å finne ut kor mykje forurensing her er.

*=*=*=*=*=*=*=*

Vi brukte ein luftsugar, så sette vi filterpapir på den og så sto det i tre dagar. Då var papiret nesten like kvitt. Det regna dei dagane så det kom ikkje mykje sandkorn på papiret. Det viser at vi har svært rein luft. Vi har ikkje fabrikkar og biler her, derfor har vi så rein luft.

Vi samla også regnprøver dei dagane vi helt på med naturvern. Vi såg på vindstyrke, vindretning, og skreiv det opp. Då fekk vi sjå kor mykje det regna. Og vi tok prøve med indokatopapir. Det viste at det var litt surt, ca PH 6,5. Vi har ikkje fabrikker, biler eller omner som vert fyrt med tungolje, så syra i lufta kjem frå andre stadar. Det hjelper ikkje om det er berre ein stad som driv med naturvern. Heile landet må hjelpe til med det. Då får vi sikkert ei god löysing.

## SILDEOLJERØYK

Vi har ein fabrikk ved Målöy, dei lagar sildeolje og sildemjöl av lodde og makrell. Vi får veldig stygg lukt, der i frå, spesielt når det er vind sör sörvest. Dei må laga eit renseanlegg, slik at vi får vekk mest av lukta frå fabrikkar. Andre fabrikkar bör slutte å bruke tung fyringsolje. Bilar kan få rense eksosen sin slik at det ikkje forurensa så mykje.

# TABELL.

| Dato | 3/11 | 4/11 | 5/11 | 6/11 | 7/11 | 8/11 | 9/11 | 10/11 | 11/11 | 12/11 | 13/11 | 14/11 | 15/11 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ledbör | 24 | 8,7 | 28,5 | 2,0 | 4,4 | 26 | 7,2 | 31,8 | 26 | snø 45,8 snø | | 9,8 ⊕ | 6,9 snø |
| indstyrke | → 0 | 0-8 | 0-8 - 0 | 0-7 | 8-2 | 10-4 | 4-8-3 | 5-8 | 5-9 | 3-5-2 | | 2-3 | 2-3 |
| indretning | SA | SV | NV SV | SV | VAV V | SV V | V | ASV-A | A-SV-V | V-NV | | NV | V |

# Per Søppel gris! (Stil)

Per-Söppelgris er ein av dei verste natursvina.
Når han skal brenna rusk så haiv han det berre i fjöra og öyde-la strendene våre.
Ein dag Per skulle fiska, fekk han ingen-ting.
Da haiv han snöret på marka.
Dagen etter såg han eit lam med ein ongel i munnen.
Da sjöna Per att han var ein söpplgris.
Han bestemde seg for å plukka opp att söppelet og hjelpte lammet
Etter den dagen kasta Per aldri meir söppel i naturen.



Vi og vårt lives miljø

Den plassen som eg bur på heiter Silda og er ei øy, med mykje soppel. Eg gjekk i fjøra og då såg eg alt det låg olje på steinar og i kjønner og ein masse plast posar, sprayflasken, papir og mykje anna soppel Eg samla saman plastik og anna soppel og skulle til å setja fyr på det, då kom eg til å tenkje på att når man beren plastikk blir den flytande og fuglar kan lima seg fast i det. Kva skulle eg gjera med det? skulle eg berre late det liggja? Då tenkte eg på søppeldunken, Eg hadde alt oppi han og sette fyr på. Og slik bren eg rusk: Men so var det røyken. Eg viste ikkje kor ein laga rense anleg? Så røyken kunne berre vere tenkte eg. Men røyken er ei stor luftforurensing.

Ødelegging av fuglelivet.




1
Sand
25
Stein
Tare
Stein
Stein
Sjødde Skall
Stein
Vogel
Pepper
elv
Stein
Stein
Boks
Stein
Flaske
Tare
Stein
Boks
Flaske
Stein
Stein
Pose
Pose
Stein
Stein
Pose
Kanel
Tare
Tare
Flaske
Sandkoppskall
////// = Sand

# Huskaldingssøppel

Går vi ein dag i fjøra ser vi ein
mengde søppel, plastnett, melkekartongar,
plastflasker, sprayflasker, boksar, m. m.
Særlig i Gurvika, Sandvika, Rekevike ligg
det store dungar. Det er så store mengder
at alt kan ikkje komme frå Silda.
Det må komme frå andre stadar en
stor del kjem nok frå Måløy.
Det kan komme frå havet som båtar
hiver og. Dette er veldig stygt Det er
svært vanskelig å gjera noko med det, for
det er ingen som tek ansvaret, men no
må noko gjerast. Staten må lage
lover som retter på dette. Det må sette
opp strenge straffer for dei dompar
søppelet i havet.
Ein må ha pant på mest mulig
plastflasker, melkekartonger plastpapir og
papir. For da må folket levere det
tilbake. ein må unngå å bruke plast i
staden tre og papir
Komunene må bygge forbrenningsomnar og
folk er nødt til å levere søppelet der.
Først da kan det bli reinare.

# ØYELEGGING AV FUGLELIVET.

Fuglane er ikkje plagsome for oss, men nokre synest at det er moro å skyta på dei, eller skada dei. Nokre fuglar reiser vekk når det blir vinter men kjem att til våren når snöen er vekk. Og vi liker dei veldig godt. Og om vinteren set vi ut fugleband til dei små fuglane, vi har mange fuglartar her på Silda. Det var ein båt her med nokre menn i, dei skaut fuglar, men vi likte ikkje det, så vi snakka til dei då reiste dei. Vi har sett at det er mange som brukar å ta egg og knuse dei mot steinane, vi har sett mange som riv ned reir, og plaga fuglane. Når det ligg olje på sjöen kan fuglane sette seg fast å få olje på vengane, slik at dei ikkje kan fyke. Når fiskane får gift i seg så fangar fuglane dei og et dei, då kan dei få gift i seg og döyr. Når dei tek bort i fugleungane då vil ikkje mora ha dei, då må dei finne seg mat sjölve, men vist fugle ungane er små klarer å ikkje finna seg mat, så döyr dei. Og så skal vi lavere fuglane når dei ligg i reiret, vist dei ligg på egg så er det ikkje sikkert at egget blir ut ruga, slik at ikkje fugleungen får kome ut av egget. Vi kan frede alle fuglane, og vi kan seie at egga skal ikkje rörast og vi skal ikkje öydelegge reira deira, for vi har eit stort fugle liv her på Silda vi har to holmar som er fult av fuglar.

# Vi og vårt livsmiljö i 1979

Eg trur att vi skal få det fint i 1979 her på Silda. Vist vi gjer noko med alt söppelet her på Öya. Til domes Eg syns at alle kunne skaffe seg ei söppelkasse til å kaste alt söppelet i. Og det skulle verta bot for den som kasta rot i naturen. Så skal vi ha oss ein litten lasstebil til å kjöyre söppelet med, til ein brenningsplass. Ja, brenningsplasen skal vera ein plass der vi brenn all söppelet. Der skal vi mura opp ein stor omn, som skal ha så sterk varme at han smeltar stål og blekk, og han skal vere så stor at han kan ta alt söppelet. I 1979 skal vi og ha flasker til mjölk ikkje pakkar. Og all unödvendig plastikkinnpakni-g skal verta for bode. Eingangsflaske skal vekk, men ikkje dei vanlege flaskene. Dei skal vera slik som dei er. Men folk hiv dei alikevel, derfor skal det verta storre pant, ikkje 30 öre, men 1 krone. Plastikknetta skal bort, for dei rottnar aldri, og alle skal bruka dei gamle stoffnetta.

Vist alle på Silda vil lyda dette vill Silda bli fin i 1979.

# DEI SOM VAR MED I ARBEIDET

## SILDA SKULE KLASSE II

## 6714 SILDA.

| | |
|---|---|
| Björg-Linda Ryggdal. | Klasse 6. |
| Henning Silden | Klasse 6 |
| Tore-Jarl Johansen | Klasse 5 |
| Gerda Silden | Klasse 5 |
| Jarl-Magne Silden | Klasse 5 |
| Gunnlaug Arie Silden | Klasse 5 |
| Siv-Torill Ture | Klasse 4 |
| Eva Iren Silden | Klasse 4 |
| Idar Magne Silden | Klasse 4 |
| Arild-Hermod Silden | Klasse 4 |


Strendene dekkes av plast
Hyttebåten — nytt problembarn
Dumping-konferansen i krise,
u-land ønsker større myndighet
e Concorde fullsa
BOAC
Ulovlig forbrenning av
avfall ved Sandefjord